

REFERAT FRÅ SU-MØTE – 08.06.10

Til stades: Mette Ferkingstad (FAU-leiar), Lene Heggernæs Idsøe (FAU), Marie Erevik Oaland (representant undervisningspersonale), Maj-Lis Vatland (representant undervisningspersonale), Sonja Jøssang (andre tilsette), Vegard Håland (elevråd), Ingunn Varhaug (rektor). Evy Bjørlo Jøssang (Olweus-koordinator) delvis.

Møtte ikkje: Sunniva Veland (elevrådsleiar), Siv Fossan (representant kommunen)

Sak 1. Godkjenning av møteinnkalling og førre referat

Møteinnkalling vart godkjent.

Sak 2. Ordensreglementet – endeleg utgåve

Gjennomgang av forslag til endeleg utgåve. Me gjekk gjennom forslaga frå elevrådet, FAU og skulen og gjorde nokre endringar. Reglementet vart godkjent og vert gjeldande frå 01.08.10 Vert tilsendt SU-medlemmane på e-post.

Sak 3. Satsingsområda 2009-2010

Avdelingane har hatt førebels evaluering. Mest er skriva om fysisk aktivitet i denne omgang, mindre om tilpassa opplæring.

Småskulen om fysisk aktivitet: Elevane er svært fysisk aktive og utfordringa har vore å få meir aktivitet inn i undervisningssituasjonane. Dei vaksne har lært seg ein ny aktivitet kvar veke, som dei har teke i bruk i klassane. Har bygd opp ein ide-bank.

Mellomtrinnet om fysisk aktivitet: Nytt fag i fjor. Har vore lagt vekt på aktivitetar der alle kunne delta, uansett føresetnad: Turar/leik i terrenget, skøyter, aking, skigåing, hallaktivitetar, bassengbruk. Har vore viktig å gjera ting som ikkje er vanlege kroppsøvingsaktivitetar.

Ungdomstrinnet om fysisk aktivitet: Har lagt inn økter på faste dagar der elevane forlenger eit friminutt og tek noko av timen til felles fysiske økter med lærar. Det har også vore konkurranse om å sykle/gå til skulen. Ein har dessutan laga eigen treningsplan for fritida.

Om tilpassa opplæring (u.tr.): Arbeid for å ha eit trygt og godt fellesskap i klasserommet. Fokus også på den enkelte elev sine behov. Utstrakt bruk av elevsamtale, både med fagleg og sosialt fokus.

Sak 4. Satsingsområde 2010-2011

Satsingsområdet vert lesing. Basert på resultat av lesedugleikstestar og nasjonale prøver er det eit logisk val. Skulen har kjøpt inn eit kartleggingsverktøy til bruk i ei meir systematisk og heilskapleg leseopplæring i 1.-10. klasse. Opplegget heiter SOL (Systematisk Observasjon av Lesing) og er utvikla av Gjesdal kommune. Viktig å få leseopplæringa best mulig, uavhengig av kven lærar er. FAU kunne tenkt seg at satsingsområde også var psykososialt miljø, uteområdet og kommunikasjon heim-skule.

Sak 5. **Auka timetal i skulen: 1 time fag, 8 timar leksehjelp**

Frå sentralt hald er det gitt pålegg om innføring av 1 skuletime på barnetrinnet til det faget ein lokalt synest passar best. Sak vert lagt fram for kommunestyret med tilråding om bruk til fysisk aktivitet i 7. klasse. Det vil vera ein logisk konsekvens av innføringa av timar i fjor til fysisk aktivitet til 5. og 6. klasse.

Frå sentralt hald er det også påbod om innføring av leksehjelp for 1.-4. klasse med totalt 8 timar. Innstillinga til kommunestyret er at kvar klasse får 2 timar. Det er fordi prinsippa bak innføringa av leksehjelpa er tidleg inngrep/intervensjon og sosial utjamning.

Sak 6. **Skuleutbygginga**

Kort informasjon. Utbygginga går sin gang. Det er framleis planen at det meste skal vera klar til skulestart.

Sak 7. **Elevundersøkinga**

Rektor oppsummerte hovudtrekka i elevundersøkinga (obligatorisk for elevar i 7. og 10. klasse).

- God trivsel
- God lærelyst og godt kjennskap til kompetansemåla i faga
- God rådgeving
- Låg score på elevmedverknad og medbestemming
- Uteområdet, garderobar og toaletta får dårleg score.

Undersøkinga er behandla i ulike fora på skulen. Låg elevmedverknad har vore melodien tidlegare år også, og tiltak alt sett i gang for å betring. Langsiktig arbeid må til for å oppnå endring. Forsandmodellen (1.-4. kl) har konkrete tiltak på elevmedverknad som ein er forplikta til å fylgja.

Sak 8. **Olweus-undersøkinga mai 2010**

Evy presenterte Olweus-undersøkinga. Ein negativ trend er snudd. Elevar som kjenner seg mobba på mellomtrinnet er nå 10,5% (i desember 2009 19,7%, i mai 2009 20,6%). Elevar som kjenner seg mobba på ungdomstrinnet er nå 5,5% (i desember 2009 7,7%, i mai 2009 8%). Tala er betre, men målet er at ingen skal kjenna seg mobba.

Det har vore stort fokus på mobbing, vakthaldet er gjennomgått, anti-mobbeteam er oppretta, rutine laga for mobbehandling og mykje godt elevretta arbeid er gjort. Det skal lagast plan for eit godt psykososialt miljø på skulen. Viktig at føresette deltek i større grad enn før i arbeidet for godt miljø. Føresette sine bidrag skal også planfestast på foreldremøta i alle klassar til hausten.

Sak 9. **Ymse**

Rektor la fram forslag om avspasering for avgangselevar den aller siste tida i skuleåret. SU stemte for at det kan gjerast når elevane har overtid frå tidlegare.

Referent: Ingunn V

REFERAT FRÅ SKULEMILJØUTVALET (SMU)

Sak 1. Skulemiljøet; generelt, antimobbearbeidet, trivselstiltak

Skulemiljøet vart omtala i SU i samband med elevundersøkinga og Olweus-undersøkinga. Sidan alle medlemmane i SMU også sit i SU og tidsplanen vart overskriden, tok me ikkje dette i meir detalj.

Ved neste innkalling til begge møta, held ein SMU-møtet først.

Sak 2. Uteområdet

Frå alle hald er det ønske om å få eit betre uteområde. Teknisk har fått i oppdrag av kommunestyret å utarbeida ein plan for eit utbetra uteområde. Arbeidet er godt i gang. Med i prosessen er representantar for FAU, elevrådet og skulen, som alle har kome med innspel/ønske.

Skrivar: Ingunn V